



# SAFFA-info

*Utgitt av Samarbeidsorganet for folkedans og folkemusikk i Akershus.*

## Årsmelding for SAFFA for arbeidsåret 2009

- **Årsmøtet** blei avvikla på Olavsgård Hotel den 16. april 2009. Bare vedtektsbestemte saker.

### - Tillitsvalde etter årsmøtet:

#### Styre:

Nils Seland	styreleiar	(på valg i 10)
Vidar W-Andresen	sekretær og kass.	(på valg i 11)
Marita Ramstad	styremedlem	(på valg i 10)
Erik Jødahl	styremedlem	(på valg i 10)
Tone Eidsvold	styremedlem	(på valg i 11)

#### Varamedlemmer:

Jon Aarekol	(på valg i 10)
Per-Erik Berge	(på valg i 10)

#### Revisorar:

Andreas Svardahl og Torgeir Sørum

#### Valgkomite:

Kari Lund Bråten, Grete Bekkedal Skredbergene og Tor Skauli.

### - Akershus musikkråd.

SAFFA har eit godt og konstruktivt samarbeid med musikkrådet (AMR).

Vidar Wien-Andresen er SAFFA sin representant i styret for AMR.

Frå 1. august 2009 er Nils Seland tilsett i 20% stilling ved AMR. Stillinga er tenkt å vara i 1-3 år og har til føremål å finna grunnlag for ei fulltidsstilling for ein fagperson innan folkemusikk og folkedans.

### - Stemne på Gamle Hvam søndag den 23. august.

Sidan 2003 har SAFFA vore eit fast innslag i programmet og har presentert eit breitt spekter av folkedans og folkemusikk for publikum.

Gamle Hvamsdagen 2009 hadde meir enn 1 500 betalande gjester, og i tillegg eit hundretal aktørar og frivillege. Det er dermed mange år sidan det har vore så folksomt på det gamle storgardstunet i Nes.

Deltakargrupper på Gamle Hvamsdagen 2009:

- Leikarringen Rakne, Jessheim
- Leikarringen Peer Gynt, Strømmen
- Ullensaker spelemannslag
- Folkedanslaget Springar'n, Follo
- Magedans. "Vanitas juveler". Vanita Elton
- Spelemannslaget De frilynde, Follo
- Moulineten Stildansgruppe, Hamar

Marita Ramstad og Espen Thomsen var ansvarleg for programmet. SAFFA sender med dette ei oppfordring til alle medlemslag om å delta på Hvamsdagen søndag den 22. aug. 2010.

### - Sørmarka-kurset for 2009 blei avvikla den 9. og 10. januar i 2010.

Andre helga i januar har vist seg å vera ei god tid for kurset, og alt tyder på at det vil vera rett å fortsetta med å ha det då. I år blei det satsa sterkare på musikkdelen av kurset. Det ga utslag i at kurset totalt fekk ca 120 deltakarar - som er rekord.

Tilbakemeldingane på kurset var gode.

Magnus Kile Stokholm viser kunstene frå sørmarkakurset på Rådhus-teatret, Ski



TJO-HEI: Hatten lå tynt an da Magnus Kile Stokholm (8) fra Drøbak tok en haling-svingom på scenen i Rådhus-teatret søndag kveld. ALLE FOTO: BJØRN V. SANDNESS  
Kjøp bilde

Danserytme og puls i musikken var hovudfokus. Begge kursdagane starta med rytmeøvingar for dansarar og spelemenn.

Instruktør: Tor Stallvik.

Musikk Tonje Lien Barkenæs og Stein Magne Eggen.

#### Tema/kurstilbud:

1. Vågåspringleik (oppfrisking): Instruktør: Tor Stallvik.  
Musikk: Tonje Lien Barkenæs.
2. "Kompekurs" for alle typar rytmeinstrument.  
Instruktør: Terje Bekkedal
3. Hardingfele  
Instruktør: Annbjørg Lien
4. Valdresspringar.  
Instruktører: Brit Totland og Dag Hamre.  
Spelemann: Tore Bolstad
5. Turdans  
Instruktør: Marita Ramstad og Tone Eidsvold  
Musikk: Erik Jødahl
6. Halling/Laus  
Instruktør: Anders Åsberg
7. Fele:  
Instruktør: Tonje Lien Barkenæs
8. Trekkspel:  
Instruktør: Stein Magne Eggen
9. Torader  
Instruktør: Ingunn Bjørge

#### - Nye medlemslag i meldingsåret:

1. Leikarringen Symra, Oslo
2. Leikarringen i Moss
3. Leikarringen Frøy ved UMB på Ås

Totalt medlemstal er nå 63.

- Organisasjonsnummeret til SAFFA er 985 564 442

- E-postliste  
for internkommunikasjon og for vidareformidling av generelt stoff om folkedans og folkemusikk. Edvin Øen er ein viktig bidragsytar med "Kva skjer"-kalenderen. Lista har nå 330 adresser.

#### - SAFFA-nytt:

Informasjon har vore send ut elektronisk 2 gonger - årsmeldinga (vår) og kursinformasjon (haust).

- SAFFA eig domenet saffa.no.

Det er etablert eiga nettside for SAFFA med plass for ein kort presentasjon av alle medlemslag/grupper.

Det er å håpa at mange vil bruka denne markedsføringskanalen aktivt.

- Nytt av året er SAFFA-kalenderen. Dette er en del av kulturnett Norge sin nettbaserte oversikt. Laga kan sjølv leggja inn informasjon om sine arrangement her.

#### - Offentleg tilskot:

Fylkeskommunalt tilskot (AMR): kr. 44 779,-

Musikkrådet (KOMP januar 2010): kr. 10 000,-

#### - Strategisk arbeid:

\* SAFFA er ein del av planen for "Østnorsk kompetansesenter for rytmisk musikk", Lillestrøm. Søknad om statleg stønad er send.

\* SAFFA og Akershus musikkråd har hatt møte om fagleg samarbeid/utveksling med Folkemusikksenteret i Buskerud i Sigdal.

\* SAFFA og Akershus musikkråd har hatt møte med aktive folkemusikk- og folkedanspedagogar i kulturskolen med tanke på vidareutvikling av samarbeid. Neste sørmarkakurs vil få helgeseminar for kulturskoleelevar.

\* SAFFA er nå i gang med konkrete drøftingar om forpliktande samarbeid og arbeidsdeling med Bygdelagssamskipnaden og Noregs Ungdomslag.



Leikarringen Rakne i spring på Gamle Hvam 2009 Foto SAFFA